
Saknr:	2020/1319-1
Saksbehandlar	Katarzyna Joanna
Dato:	Holmegård
	14.01.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Tilsetting av nytt personvernombod i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til vedtak i sak PS 99/19 i Hordaland fylkeskommune, der kontrollutvalet ber fylkesrådmannen avklare kven som skal verte nytt personvernombod i Vestland fylkeskommune. Vidare ber kontrollutvalet fylkesrådmannen vurdere om rolla som personvernombod bør skiljast frå rolla som personvernrådgjevar.

Fylkesrådmannen kan opplyse følgjande:

- Funksjonen som personvernombod i Vestland fylkeskommune vil bli lagt til ledig stilling som juridisk rådgjevar i seksjon for juridiske tenester og lyst ut i månadsskiftet januar/februar 2020.
- Stillinga som personvernrådgjevar vert videreført som eiga stilling i HMS-eininga i HR-seksjonen og lyst ut i månadsskiftet januar/februar 2020.

Fram til nye medarbeidarar er på plass vil desse funksjonane verte utført av aktuelle ressursar i HR-seksjonen og i seksjon for juridiske tenester, evt supplert med noko ekstern støtte.